

921603932

ANITA L. ASKELAND GARSDRIFT

Mobilnummer

415 24 715

E-postadresse

anita.lillian@online.no

Kontonummer **** * 47782

Vedtaksdato

17.07.2021

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

30.03.2021

Vår referanse

2021/3016, Agros 149275

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – setje opp nye gjerder på innmarksbeite/utmarksbeite GBNR 468/3

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 24 750 kroner i tilskot til ANITA L. ASKELAND GARSDRIFT til setje opp nye gjerder på innmarksbeite/utmarksbeite GBNR 468/3. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 10.07.2024.

Alver kommune viser til søknad av 30.03.2021.

Bakgrunn i saka

ANITA L. ASKELAND GARSDRIFT søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 30.03.2021. Du søker om totalt 35 042 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.06.2021-01.08.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 35 042 kroner.

Søker ynskjer å rive ned øydelagte gamle gjerder, fjerne kratt/tre og setje opp nye gjerdestolper og sauenetting.

Søkjeren har opplyst at dei er forholdsvis ferske som sauebønder. Starta opp med 6 sauer av rasen Gammalnorsk spælsau i desember 2018. Denne bestanden er no auka opp til 17. For å kunne utvide med fleire dyr, vil det vera naudsynt til dem å kunne utnytte betre dei beiteareala dei har tilgang på.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom vil tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Målet er å utnytte heile beiteområdet betre og bremse meir gjengroing i området. Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7. Administrasjonen har gjennomgått artskart, naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Administrasjonen meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å utvikla kulturlandskap gjennom aktivt beiting.

Godkjent kostnadsoverslag :(kommunen bruker standardsats for tilskot pr løpemeter gjerde)

Tiltak	beløp
Gjerding 600 meter *80 kr	48000
Køyregrind 1stk* 1500 kr	1500
Sum	49500
Tilskotssats 50%	
Tilskot kr	24 750 kr

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 24 750 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 10.07.2024. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

-Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving,seinast ein måned før oppsett frist går ut.

- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.

- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.

- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

-Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.

-Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.

-Legg ved eit kart som syner kor grinda er plassert.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttregneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 49 500 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtaket om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Laila Bjørge